

# BACHELOROPPGÅVE

## Bacheloroppgåve i Sosialt arbeid

Utfordringar i Barnevernet

av

kandidatnummer 27  
Maria Cecilie Kalstad

Sosialt arbeid bachelorstudium  
SOS5-302  
Mars - 2011

<b>1. INNLEIING</b>	<b>3</b>
1.1 VAL AV TEMA	4
1.2 PROBLEMSTILLING OG AVGRENSING	5
1.3 OPPBYGGING AV OPPGÅVA	5
<b>2. VAL AV METODE</b>	<b>6</b>
2.1 KORLEIS FANT EG FRAM	6
2.2 KILDEKRITIKK	7
<b>3. BARNEVERNET SOM ORGANISASJON</b>	<b>9</b>
3.1 BARNEVERNSHISTORIE I NOREG	10
3.2 OPPBYGGING AV BARNEVERNET	11
3.2.1 STATEN	11
3.2.2 KOMMUNE	12
<b>4. SAMFUNNSUTVIKLINGA UTAN BARNET</b>	<b>12</b>
4.1 OMSORGSSVIKT	13
4.2 KRIMINELL UNGDOM	14
<b>5. UTFORDRINGAR I BARNEVERNET</b>	<b>15</b>
5.1 "DET NYE BARNEVERNSBYRÅKRATIET"- STUDIE FRÅ FAFO	16
5.1.1 FORHOLD MELLOM BUFETAT OG KOMMUNEN	16
MANGLANDE KOMMUNAL KAPASITET	17
EIT MANGELFULLT OG FOR LITE DIFFERENSIERT TILTAKSAPPARAT I BUFETAT	17
BYRÅKRATISERING INTERNT I BUFETAT	17
5.1.2 FORHOLDET MELLOM BUFETAT, KOMMUNEN OG FYLKESNEMNDA	18
5.2 "BARNAS BESTE" OG "DET BIOLOGISKE PRINSIPP"	19
5.2.1 BARNEVERNET, BYRÅKRATI OG MARKEDSØKONOMI:	19
5.2.2 BRUK AV METODE ELLER SKREDDARSYDD OPPFØLGING	20
5.2.3 NEDBYGGING AV INSTITUSJONAR OG BEREDSKAPSHEIMAR	21
5.3 " BARN RUSER SEG UNDER BARNEVERNETS ANSVAR"	21
5.4 BUFETAT OG BUFDIR HANDSAMING AV BARNEVERNSSITUASJONEN	22

## 1. Innleiing

Bergens Tidene(BT) skreiv sommaren 2010 om barnevernsguten Jonas ved fleire anledningar. Jonas blei omtala som Noregs dyraste gutar. Historia til Jonas handlar om overgrep, misbruk, gjentatt flytting, mangel på stabilitet, og ikkje minst om samfunnets manglande kontroll. Til tross for klare bekymringsmeldingar tok det lang tid før han fekk hjelp frå barnevernet. Fagfolk slo fast at Jonas hadde sterkt behov for stabilitet og faste ramme. Likevel har han blitt flyttet over 25 gangar og hatt minst 350 vaksne involvert i livet sitt før han fylte 18år. Jonas tronar på toppen av lista for kriminelle barn i Hordaland. Han har ein rekke ran og tjuveri på rullebladet sitt. Forskar og psykolog Elisabeth Back-Hansen konkluderte etter å ha lese store deler av dokumenta til Jonas at barnevernet gjorde guten meir utrygg ved gang på gang å velja midlertidige løysingar for han. Jonas kom ut av fengselet i juli 2010, på desse seks månadane har han klart å rusa seg, blitt pågrepen, tiltalt og dømt i fire forskjellige sakar. *"Det er vel kanskje fifty-fifty min og samfunnets feil at jeg er blitt slik"*, seie Jonas til avisa. BT skreiv den 28.juni 2010 om Jonas og intervjuet blant anna politioverbetjent Svein Bjørn Losnegård, leder for ungdomsseksjonen ved Hordaland politidistrikt. Han fortel at Jonas har 272 treff i politiloggen og er registrert som mistenkt, sikta, tiltalt eller dømt i fleire saker enn nokon andre under 18 år i Hordaland. BT får og opplyst at politiet har reagert på barnevernet si handsaming av Jonas. Og samarbeidet mellom politi og barnevernstilsette har vore anstrengt på grunn av rammene som var satt for guten.

Dei ti barna med mest kriminalitet på rullebladet i Hordaland er alle barnevernsbarn. Dei var pr januar registrert med til saman 363 saker i politiets strafferegisteret.(Nygard-Sture, BT 28/06-2010)

I denne oppgåva skal eg ta føre meg barnevernets utfordringar i arbeidet mot å førebygge kriminell ungdom. Eg vil fokusere på arbeidet som blir gjort spesifikt mot barn og unge som er i risikosona, og ikkje mot den vanlege "sunne" ungdommen. Barnevernet har fått til vane å bli kritisert for å vera handlingslamma, rotete, uprofesjonelle og lite samarbeidsvillige i forskjellige saker som har dukka opp i media. Med fokus på BT sin reportasje av Jonas vil oppgåva fokusera på forvaltninga i barnevernet på kommunalt og statlig nivå. Barnevernet jobbar tverrfagleg med fleire offentlege organ, derav skule og psykiatri-tjenesta i sitt førebyggende arbeid for barn og unge. Til tross for fleire tiltak for barn og unge som opplever omsorgsvikt - viser tala at fleire unge tyr til rus og derav kriminelle miljø. Det er tydeleg at det er noko i tiltaka og ressursane me har til rådighet allereie no som ikkje fungerer som ynskjeleg. Eg stiller meg derfor kritisk men og nyfiken til det eksisterande arbeidet og organiseringen av hjelpeapparatet til barn og unge i det eg tar til med denne oppgåva. Barn og unge er framtida vår - ergo samfunnet vårt treng eit organ som tar vare på barna våre, framtida vår.

### **1.1 Val av tema**

Det viser seg at unge kriminelle har ofte ein felles faktor frå oppvekst og barndom. Dei fleste har opplevd ein form for omsorgsvikt i familien. Med dette meiner eg psykisk eller fysisk mishandling, foreldre med rusproblem og skilsmisseproblem, og eller mangelfull oppfølging av barnevernet, skule eller helsetenesta. Tiltak som er blitt satt i gang har enten komme i gang for seint, eller hatt mangelfulle tiltak. Historia til Jonas er nok ein av dei mest katastrofale historiene, men hans historie viser også kor mykje som kan gå gale, når ikkje hjelpeapparatet fungerer. Historia viser også til mange utfordringar på alle nivå innanfor barnevernet, òg dei andre kommunale etatane som jobbar med barn og unge. Gjennom eigen praksiserfaring frå kriminalomsorga der eg jobba spesielt med ungdommar med rusproblem og bakgrunn frå barnevernet gjev dette enda større engasjement til å undersøke utfordringane som er tilstede for å hindra at fleire ungdommar lid same skjebne som Jonas. Etter BT sin reportasje om Jonas i sommar, og andre barnevernssaker, i media det siste året har det dukka opp mange spørsmål til barnvernet og rettstryggleiken til barna i samfunnet vårt. Eg veit no kva som skjer når ingen tar tak

eller ansvar. Men eg veit alt for lite om kva som faktisk blir gjort, korleis det blir gjort, eller kven som har ansvaret for kva? Med dette har problemstillingen min blitt følgjande:

## **1.2 Problemstilling og avgrensing**

### ***Kva slags utfordringar møter barnevernet i førebygging av unge kriminelle?***

- Er det samfunnsutviklinga som utfordrar barnevernet sitt arbeid?
- Er det utfordringar knytt til sjølve barnevernets organisasjon, system og arbeid?

På grunn av oppgåva si omfang har eg måtta avgrensa mykje av det eg ville belysa i denne oppgåva. Temaet eg har valt er av ein slik størrelse og så omfattande at det trengs ei større undersøking og analyse av temaet enn det eg gjere i denne oppgåva. Det eg har fokusert på i denne oppgåva er risikobarn som har blitt utsett for omsorgssvikt og barnevernet sitt ansvar i forhold til det. Sjølv om barnevernet jobbar i eit større hjelpeapparat, der både skule, helsetenesta, PPT også har eit ansvar- har eg altså konsentrert meg om barnevernet sitt arbeid. Dette grunna at utfordringane knytt til barnevernet viste seg å vera så mange og kompliserte enn det eg fyrst antok.

## **1.3 Oppbygging av oppgåva**

Oppgåva mi byggjer på historia om Jonas som eg presentert i innleiinga. Ut i frå den startar oppgåva mi med ein teoridel og fagleg kunnskap som gir lesaren ei grunnleggande forståing for å forstå utfordringane barnevernet har, som eg skal visa til seinare i oppgåva. Teoridelen gir innsikt i kva omsorgssvikt er, og korleis omsorgssvikt og barnevernet er ein felles faktor til ungdom med kriminell bakgrunn. Den gir og innsikt i korleis samfunnsutviklinga er ein viktig faktor til at barnevernsarbeidet er blitt meir kompleks. Etter å ha fått ein brei kunnskap om korleis forholda rundt barn og barnevernet er vil eg gå meir inn i kjernen av oppgåva, altså utfordringane internt i barnevernet. Der har eg brukt ei undersøking frå Fafo og eit innlegg frå Vigdis Bunkholdt til å belysa utfordringane internt i barnevernsorganisasjonen. Til slutt i oppgåva har eg tatt med ei fersk undersøking og rapport frå Bufdir som viser til at direktoratet jobbar med utfordringane i dagens barnevern.

## 2. Val av metode

Ein metode er ein framgangsmåte, eit middel til å løyse problem og komme fram til ny kunnskap. Uansett kva middel som tener på dette føremålet, høyre det heime i arsenalet av metodar (Aubert, (1985) i Dalland, 2007). Metoden som ein vel fortel noko om korleis ein går til verks for å få tak i eller etterprøva kunnskap (Dalland, 2007). Den er verktøyet me brukar for å samle inn informasjonen ein treng til å skrive oppgåva. Me skil mellom kvantitative og kvalitative metodar. Kvantitative metodar er metodar som formidlar informasjon til målbare einheitar, for eksempel gjennomsnitt og prosentar av ein større mengde (Dalland, 2007). Kvalitative metodar er metodar som får fram meiningar og opplevingar, intervju er eksempel på dette (Dalland, 2007) Mi oppgåve er ein litteraturstudie, der eg har brukt både primærlitteratur og sekundærlitteratur der nokon artiklar og forfattarar er blitt meir brukt enn andre.

### 2.1 Korleis fant eg fram

Eg starta med å bruke boka Metode og oppgaveskriving for studentar av Olav Dalland (2007). Dette for å kunne ha ei bok som rettleia meg gjennom denne skriveprosessen. For å få tak i relevant informasjon til mi problemstilling brukte eg biblioteket og Bibsys som hovudbase. På biblioteket leita eg meg fram til relevante bøker til mitt tema. Ved bruk av ord som *omsorgssvikt, barnevernet, kriminell ungdom* og miksing av desse orda fant eg bøker som er hovudkilder i oppgåva mi. I mangel på historikk av barnevernet valte eg å bruke informasjon som låg ute på regjeringa sine nettsider, regjeringen.no Eg har og brukt databasane som låg tilgjengelege på høgskulen sine heimesider. Og søkte på: *utfordringar i barnevernet, førebyggjande barnevernsarbeid, konsekvensar av omsorgssvikt, barnas beste, barnevern*. I idunn, databasen for artiklar i tidsskrifter, fant eg det som viste seg å vera midt i blinken for mi problemstilling. Norges Barnevern hadde fleire artiklar som omhandla utfordringane i barnevernet. Eg fant også ein fersk studie frå 2009 gjort av Fafo, denne studien var eit kvalitativ intervju med tilsette i barnevernet om barnevernets situasjon og utfordringar. Etersom oppgåva mi bygger på Bergens Tidene si historie om Jonas trengte eg å leite opp igjen avisartiklane om Jonas. Her brukte eg også databasane aktivt, men fant ikkje heile serien som kom ut i papirutgåva i sumar. Eg sendte derfor mail til Bergen Tidene i håp om at dei kunne

hjelpe meg med dette. Til svar fekk eg alle artiklane som er blitt gitt ut i pdf-format. I tillegg til all den nye informasjonen eg har leita fram har eg brukt pensumbøker frå tidligare emner som tilleggspensum i oppgåva, "Organisert velferd" av Djupvik og Eikås er ei av desse bøkene.

## **2.2 Kildekritikk**

Kildekritikk er dei metodane som brukast for å fastslå om ei kilde er sann eller ei (Dalland s,64, 2007). Hensikta med kildekritikk er å få lesaren med på dei refleksjonane som eg har hatt i vurderinga av validiteten og relevansen av informasjonen i oppgåva mi(Dalland, 2007). Denne oppgåva er basert på artiklar frå Bergens Tidene. Historia om Jonas er ganske så oppsiktsvekkande og urovekkande. Bergens Tidene har den siste tida fokusert mykje på arbeidet til barnevernet. Barnevernet har fått mykje kritikk i media, men har ikkje fått svart på denne kritikken, dette mykje på grunn av teieplikta i forvaltningslova jf.§13. Medias rolle har stor betydning, og aukar folks medviten om temaet. Mykje av media si handsaming av nyhender er informativ og konstruktiv (Killèn, 2004). Men det kjem og ein del usakleg og selektiv informasjon ut til lesarane (Killèn, 2004). Dette er ei belastning for dei involverte familiane og ikkje minst dei allereie sterkt belasta yrkesutøvarane media snakkar om, i dette tilfellet barnevernet(Killèn, 2004). Å vera kritisk til det som kjem fram i media er viktig. Og det er litt av min intensjon med denne oppgåva, vera kritisk til mediasakene og kritisk til barnevernet. Å vera kritisk til noko har som regel ein negativ klang over seg. Men er definisjonen av "kritisk" eigentleg det? I Vigdis Bunkholdt sitt innlegg til Statens Helsetilsyn minna ho meg på at orda kritikk og kritisk ikkje naudsamt treng å vera eit negativt lada ord. Det inneheld også definisjon av nøytralitet og positiviteten. Eg stiller meg såleis kritisk til mediasakane, og ynskjer å leita fram informasjon som kan bekrefte eller avkrefta media si framstilling av barnevernet.

Eg dreg med meg mitt kritiske blitt på kva slags informasjon eg har valt å bruke i oppgåva. Derfor har eg forholdt meg til regjeringa og Statens Helsetilsyn sine offentlege sider på nettet. På Barne-, Likestilling og Inkluderingsdepartementet har eg henta informasjon om barnevernet sine oppgåver, ansvarsområder og historie.

Departementet og direktoratets heimeside har lagt ut ein del offentlege publikasjonar som eg har tatt i bruk. Kva regjeringa gjere med situasjonen i barnevernet kjem fram i desse utredningane. Som lesar av BT og andre mediar kan det verka som at regjeringa gjer lite for å betre situasjonen for barn, det er feil. På departementet sine sider kan ein lesa kva departementet gjer i denne situasjonen. Ei undersøking direkte retta mot barnevernsbarna har nyleg blitt gjort av Bufetat. Brukarundersøkinga er retta mot 800barnevernsbarn som fortel om si oppleving av barnevernet. No bør ein og ha i bakhovudet at dei barna som har svart på denne undersøkinga er kanskje ikkje dei barna som media har fanga opp som slit med si relasjon til barnevernet. Samtidig må ein ta til seg at noko går bra i barnevernet.

Artiklar frå tidsskrifta Norges Barnevern og forfattarane si faglege bakgrunn er og kilde som har fått hovudmerksemd i oppgåva. Undersøkinga eg har valt å ta med er blitt gjort av Grete Gautun, Ph.D. Seniorforskar ved Fafo i 2009 på bestilling frå LO. Dette på grunnlag av å avdekka kunnskap om dei største utfordringane internt i barnevernet. Forskaren presiserar at undersøkinga ikkje er landsdekkande, og at ein ikkje kan med sikkerheit sei at dei resultatane som kom fram av den undersøkinga er gjeldande i heile landet. 19 informantar frå forskjellige stillingar og nivå i barnevernet var med i dette intervjuet. Når det er sagt, så kom det fram ein del urovekkande resultat som har fått betydning i oppgåva mi og vidare undersøking av barnevernet. I tillegg til denne kvalitative undersøkinga har eg tatt med Vigdis Bunkholdt sitt innlegg til Statens Helsetilsyn. Det var i forbindelse med Statens Helsetilsyn si overtaking av tilsynet av barnevernet i 2010. Oppgåva hennar var å belyse kva Tilsynet skulle vurdere i sitt tilsyn med barnevernet. Grunnen for å ta med hennar innlegg, var at hennar meiningar støtta opp under den kvalitative undersøkinga som Fafo hadde publisert. I tillegg har ho ein del kunnskap om feltet,. Vigdis Bunkholdt er spesialist i klinisk psykologi, har skrevet fleire pensumbøker innanfor utviklingspsykologi. Og har ei lang erfaring i barnvernstenesta. Tidsskrifta Norges Barnevern valte å ta med innlegget hennar, og av den samla informasjonen om ho ser eg hennar meiningar som aktuelle i diskusjonene av utfordringane i barnevernet.



Vidare har nokre av bøkene eg har funnet på biblioteket fått dominans i oppgåva. Boka som Kari Killèn har forfatta- *“Sveket- omsorgssvikt er alles ansvar”*. Denne boka er ei grunnbok om omsorgssvikt som gjere greie for begrepet og undersøkingar på feltet. Boka har blitt fagleg revidert og oppdatert med nyare forskning(Killèn 2004). Kari Killèn er utdanna sosionom med vidareutdanning i barne- og ungdomspsykiatrisk behandling. Ho er idag forskar ved Nova (norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring). I 2002 mottok ho den internasjonale prisen *“Distinguished Career Award for Service and Contribution to Prevention of Child Maltreatment”*(Killèn, 2004).

I tillegg har boka *“Mellom barn og budsjett”* av Liv W. Wiborg fått prege oppgåva. Denne boka inneheld utfordringar som leddarar og tilsette i barnevernstenesta møter. Konflikten mellom fagleg arbeid og økonomi. Boka er basert på Wiborgs eiga bakgrunn frå barnevernet. Ho har jobba som kurator og leiar i barnevernstenesta sida 1982, og har erfaring som fagkyndig i Fylkesnemndas utval for barnevern og sosiale saker (Wiborg,2010). Denne boka har eg brukt mest til å kunne forstå organiseringa og byråkratiseringa av barnevernet, dette ilag med Barne,-Likestillings- og inkluderingsdepartementet sine nettsider.

### **3. Barnevernet som organisasjon**

Killèn har eit sitat i boka si om barnevernet av Sissel Benneche Osvold (2003); *“Det finnes knapt noe offentlig organ som har fått så mye juling gjennom nyere historie som barnevernet. Det måtte i så fall være barna som var underlagt den offentlige omsorgen.”* (sitert i Killèn 2004 s, 67) Barnevernet har fått mykje kritikk, og eg har vel sjølv gitt barnevernet dårleg omtale, dette utan å ha sete meg inn i korleis organisasjonen fungerer. Derfor har eg valt å bruke dei neste avsnitta til å fortelja kort om barnevernets si historie, oppbygging og struktur. Slik kan me lettare kunne forstå kven og korleis saker blir handsama i barnevernet. Men før det ein liten introduksjon til omgrepa organisasjon og byråkrati. Definisjon av omgrepet organisasjon som blir nemnt i boka til Djupvik og Eikås(2010) går som følgje: *“Eit medvite, stabilt og målretta samarbeid mellom menneske”* (Bukve 1997:24;Flaa mfl.

1997:13). Djupvik og Eikås vel å skilje mellom ulike typar av organisasjonar (2010:17) Eg har valt å trekka fram de dei skriv om formelle organisasjonar. Formelle organisasjonar blir definert som organisasjonar som er oppretta bevisst for å ta for seg visse oppgåver (Djupvik og Eikås, 2010:18). Særtrekka ved formelle organisasjonar er at dei har ei klar offisiell side, gjennom målsetjingar og ein synleg organisasjonsstruktur (Djupvik og Eikås, 2010:18). Barnevernet er eksempel på ei slik organisasjon, med mål og struktur. Mange formelle organisasjonar blir store og gamle, dette inneber at det utvikla seg ei bestemt måte å utføre arbeidet på. Det kan vera vanskeleg å finne ut korleis den fungerer og ikkje minst vanskeleg å endre ei negativ utvikling. (Djupvik og Eikås, 2010:19). Omgrepet byråkrati blir ofte brukt i samanheng med negativ omtale av offentleg forvaltning, også i barnevernet- det vil eg greie meir ut om seinare i oppgåva. Byråkrati blir og fort knytt til teoretikaren Max Weber og hans eigen byråkratiteori (Djupvik og Eikås, 2010). Weber hadde ein del kjenneteikn ved byråkratiet, dei er hierarkisk oppbygde, som vil sei ein pyramideliknande struktur (Djupvik og Eikås, 2010). Vidare peikar Weber på at byråkratiske organisasjonar er funksjonelt spesialiserte, for eksempel korleis Barne-, likestilling- og inkluderingsdepartementet har sine ansvarsområder i samfunnet (Djupvik og Eikås, 2010). Byråkratiet byggjer på skriftleg kommunikasjon, der av blir det dokumenter kva tiltak som blir gjort når. Den er og basert på eit regelverk som gjer at arbeidsoppgåvene og saksbehandlinga blir utøvd på rett og lik måte (Djupvik og Eikås, 2010). Me har altså ikkje kunne unngå byråkrati omgrepet i praksis, det er grunnmuren i strukturen av samfunnet vårt. Omgrepet byråkrati har fått ei djupare meining for meg, altså ikkje berre surr og papirkrøll i systemet.

### **3.1 Barnevernshistorie i Noreg**

Den fyrste barnevernsloven me fekk her i landet var den såkalla vergerådsloven av 1896. Frå 1900 til 17.juli 1953 var den gjeldande, altså i over 50år. Vergerådslovens viktigaste tiltak var formaning av foreldre som forsømte barna sine, og bortsetjing av “sædelig forkomne” barn i fosterfamiliar, barneheimar eller skuleheimar (Barne-, Likestillings-og Inkluderingsdepartementet, NOU 2000:12). I 1953 fekk nye fagområder som psykologi og barnepsykiatri fokus når barnevernsloven av 1965

trådte i kraft. I praksis betydde dette at plassering av barn utanfor si eiga heim skulle nyttast som siste utveg. Tvangstiltak skulle berre nyttast når dei andre hjelpetiltaka ikkje fungerte (NOU 2000:12). Tiltaka som kom i barnevernsloven frå 1992 var ein vidareføring av 1953-loven (BLI.dep NOU 2000:12). Dei få endringane som blei gjort omhandla når hjelpetiltaka skulle igangsetjast. Ein skulle no prøve å iverksetja hjelpeapparatet før utviklinga av problema blei så store at det krevde flytting av barnet (NOU 2000:12).

### **3.2 Oppbygging av barnevernet**

Barnevernets hovudoppgåve er å sikra at barn og unge som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, samt å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår jf.§1-3 (barnevernsloven). Ansvaret for løysinga av dei pålagte oppgåvene var fordelt på tre nivå: Stat(fylkesmannen), Fylkeskommunen og kommunen, dette var før staten tok over det overordna ansvaret frå fylkeskommunen og oppretta Bufdir. Bufdir har deligert vidare ansvar til Bufetat som det står meir om under.

#### **3.2.1 Staten**

Statens ansvar er delt mellom fylkesmannen, fylkesnemnda, det øvrige rettsapparatet og Barne-,familie-, likestillingsdepartementet. Fylkesmannen føre tilsyn med barnevernstenesta i dei enkelte kommunane (helsetilsynet.no). Staten har altså etablert både statlege og kommunale barnevernsmyndigheiter. I 2004 overtok staten det overordna ansvaret for barnevernsarbeidet etter fylkeskommunane og Bufdir blei etablert (Wiborg,2010 s, 22). Bufdir har delegert oppgåvene over til Bufetat, som skal vera ansvarleg for institusjonsplassar, rekruttera og formidla fosterheimar, og sørgja for at dei får den naudsynte opplæringa og rettleiinga som trengs. I tillegg skal dei hjelpa barnevernstenesta med plassering av barn utanfor heimen sin (Wiborg, 2010) Det siste punktet har skapt fleire konflikhtar mellom kommunale barnevernsteneste og Bufetat, dette vil eg utdjupe seinare i oppgåva.

### **3.2.2 Kommune**

Kommunen skal ha ei barnevernstenesta som utføre det daglege arbeidet etter loven. Det vil sei at barnevernstenesta er ein del av det kommunale forvaltningsapparatet og dermed ein del av samspelet mellom administrasjon, klient og profesjon. Men lovverket vårt fråtek rådmannen myndigheita til å ta avgjerane, samt innsyn i vedtak eller i arbeidet som barnevernstenesta utføre.

Kommuneforvaltninga må forholde seg til barnevernsloven som er overordna kommuneloven (Wiborg 2010,s15). Ein kan sei at barnevernet er bygd opp gjennom eit fagbyråkrati. Det vil sei at det er få nivå mellom rådmann og fagfolka i barnevernet. Barnevernsarbeidarar er autonome, rådmannen kan ikkje kikke i korta deira, eller barnevernsleiarane har ikkje innsyn i kva som skjer i ein klientsamtale. Wiborg skriv at dette har mange fordeler, men kan gi problem i forbindelse med samordning og kvalitetskontroll. Det kan vera vanskeleg å avdekka ukultur i samspelet mellom klient-kurator.(Wiborg 2010,s15-16)

## **4. Samfunnsutviklinga utan barnet**

Eg har lenge vore kritisk til samfunnsutviklinga vår med tanke på barnas oppvekstvilkår. Den fyrste gongen eg beit meg merke i utviklinga var på barneskulen. På to år hadde fleire av mine nærmaste veninner skilte foreldre. Dei same veninnene var dei som starta tidleg med bruk av alkohol, og festing med eldre kamerater, grensene var liksom mindre for dei enn for meg, og eg vart ekskludert i fleire av desse sosiale samlingane på grunn av mine foreldre si grensesetjing. Det skjedde så brått, skilsmisse var noko me skjeldan høyrte om før. Sida den gang har skilsmisse blitt like vanleg som å drikke kaffi ved frukostbordet, det var kanskje litt på spissen. Men skilsmisse slik eg har forstått det er også ein faktor som spelar inn på barnet sine oppvekstvilkår. Familiestrukturen er i endring, og stiller større krav til barnet om å tilpasse seg, krav som dei får lita hjelp frå vaksenverda til å takla (Killèn,2004). Normer har endra seg på mange måtar. Mitt eksempel er korleis me kler barna våre, dei ser ut som miniatyrfigurar av vaksne. Grensa mellom ung og vaksen har forsvunne og blitt meir diffus hos meg. Killèn(2004) skriv også at normene i form av alkohol, andre rusmiddel og seksuell atferd har utvikla seg, det er blitt meir synleg og

“tillat”. Killèn (2004) meiner at samfunnsplanlegginga går føre seg som om barnet ikkje eksistera lengre. Nye vegar og parkeringshus blir bygd, mens barnehagar blir stengt (Killèns, s,20:2004). Debattane om fattigdomsfamiliane i Noreg har og fått mykje blest dei siste åra. Denne definisjonen av fattigdom handlar om kva fleirtalet av barnefamiliane har råd til. Dei sosiale aktivitetane som dei fleste ser på som ei sjølvfylgje å delta på, er inga sjølvfylgje for dei fattige familiane (Killèn 2004). Dette skapar frustrasjon for både barn og foreldre. Eg ser dette også som eit felles omsorgssvikt frå samfunnet. Killèn (2004) skriver om erkjenningsprosessen i samfunnet. Det er vanskeleg å førestille seg at foreldre eller andre omsorgspersonar kan mishandla eit uskuldig barn. Det å vedkjenne at slike handlingar skjer er sårt. I boka “Eg tenker nok du skjønner det sjølv” av Jon Gangdal(2010) blir me kjent med ei bestemor og eit hjelpeapparat som ikkje turte å tenke det mest utenkelege, det førte til at Christoffer døde som ein 8år gammal gut. I tråd med samfunnsutviklinga, sjølvrealiserings trenden og høgare utdanningspresset i dagens samfunn – må me ikkje gløyme borna våre. Omsorgssvikt er alle sitt ansvar (Killèn, 2004).

#### **4.1 Omsorgssvikt**

I denne oppgåva har eg valt å bruke Kempe (1979) sin definisjon av omsorgssvikt, og er definert i boka til Kari Killèn (s, :2004) som omhandlar alle sitt ansvar rundt omsorgssvikt.

*"Med omsorgssvikt forstår vi at foreldre eller de som har omsorgen for barnet påfører det fysisk eller psykisk skade, eller forsømmer det så alvorlig at barnets fysiske og/eller psykiske helse og utvikling er i fare."*

Erikson (1958) og Bowlbys, som dei kjendte teoretikarane, karakteriserar dei fyrste leveåra til barna som "basic trust" og "a secure base" , det er i denne perioden barnet utviklar tryggleik og tilknytning til omsorgspersonar (Killèn 2004). Barn som kontinuerleg finn seg sjølv i situasjonar der dei er utsett for truande, utilgjengeleg eller uforutsigbar adferd brukar mykje meir krefter på å prøva å forstå og overleva viser tilknytingsforskinga (Killèn 2004). Dette gjeld spesielt barn med valdelege foreldre eller foreldre med rusproblem. I Kari Killèns (2004) bok blir det skrevet om

barns meistrings og overlevingsstrategiar. Killèn (2004) nemnar Gray og Kempe (1976) sine undersøkingar på dette feltet. Dei fant to typar overlevingsstrategiar; "den overdrevent veltilpassa" og "den utagerande". Killèn (2004) nemner også at barn viser ikkje enten den eine eller den andre strategien, dei vekslar ofte. Barna må følgja godt med for å vera forberedt, og har derfor lite overskot til å investera i si eiga sosiale og intellektuelle utvikling. Og vil av den grunn påverka samspelet mellom nærmaste familie og det sosiale nettverket (Killèn 2004). Barn som oppleve omsorgssvikt dei fyrste leveåra utviklar ein utrygg tilknytning til foreldre, og hos andre vaksne. Og vil vidare utvikla eit negativt bilde av omverden og seg sjølv (Killèn 2004). Barn med desorganisert tilknytning har stor sjanse for å utvikla alvorlege adferdsproblem og aggresjonsproblem. I to tre års alderen er barn som har opplevd overgripande foreldre ute av kontroll, sinte og deprimerte, har lange raserianfall og søker desperat merksemd ved negativ adferd (Killèn 2004). Barna har lært at nærleik er farleg, dei prøver å skaffe seg kontroll over ein verden som dei opplev som truande, og blir ofte ei stor utfordring for omsorgspersonar både i heimen og ute (Killèn 2004). Desse formene for problem-adferd debatterast ofte ilag med trekka av ADHD diagnosen. Spørsmål i slike samanhengar kan stillast om barnet har gjennom omsorgssvikt utvikla ein problemadferd, eller har barnet ADHD (Killèn 2004). Eg ser diagnosinga av ADHD som eit problem i slike tilfeller. Ein slik diagnose kan skygge for den eigentlege grunnen for adferden, og der av gi feil behandling til barnet.

## **4.2 Kriminell ungdom**

Det blir dokumentert at barn som har opplevd omsorgssvikt får alvorlige konsekvensar, også langtidsvirkingar opp til vaksen alder (Killèn 2004). Fysiske, seksuelle og kjenslemessige overgrep og vanskjøtsel i løpet av oppveksten har kvar for seg blitt knytt til seinare depresjonar, angstforstyrningar, suicidal adferd, låg sjølvtilitt, seksuelle problem, post-traumatiske stress forstyrningar og rusmiddelproblem (Browne og Finkelhor 1986, Clark, Lesnick og Hegedus 1997, Cavaiola og Schiff 1998, Kaplan et al 1998, Klufft 1990, Briere og Elliot 1994( Killèn 2004)). Fleire undersøkingar dokumentera også at unge kriminelle viser til ein oppvekst med omsorgssvikt og tap i opptil 90% av utvala(Baswell 1996, Fonagy et al 1997(Killèn 2004)). Rusmiddelbruk hos ungdommar kan vera eit resultat av eit

ynskje om at rusen skal døyve smerta og problema dei slit med som fylgje av omsorgssvikt i ung alder (Killèn 2004). Boka "Førebyggande ungdomsarbeid" av Helland og Øia (2006) viser og til forskning som viser at barn med svake sosiale ferdigheiter og manglande venner har større risiko for å utføra kriminelle handlingar (Parker og Asher, 1987). Avvising av jamn aldringar og ein aggressiv haldning til nærmiljøet blir ofte kalla antisosial åtferd( Helland og Øia, 2006). Helland og Øia(2006) skriv også at jo større åtferdsvanskane er, og til tidligare dei viser seg, jo større er risikoen for framtidig kriminalitet. Ulike formar for oppfostring ser ut til å ha samanheng med antisosial åtferd blant unge(Helland og Øia 2006). Olweus(1980) og Bakken(1998) viser til sentrale sider ved relasjonane mellom foreldre og barn(Helland og Øia, 2006). Den fyrste er i kor stor grad barnet føler at foreldra interesserar seg i kva barna føretar seg, og om foreldra følgjer opp med å setja grenser (Helland og Øia 2006). Foreldra si støtte og aksept har ei enormt viktig betyding ved sosialiseringssprosessen til barnet (Helland og Øia, 2006). Forhold som påverkar kriminalitet og antisosial åtferd er ikkje uavhengig av kvarande (Helland og Øia s, 56: 2006) . Det har med det samla resultatet av arenaene som ungdommane lever i. For eksempel vil god tilknytning til skule, men dårleg tilknytning til foreldre og heim, vera med på å redusera førekomsten av kriminalitet.

## **5. Utfordringar i barnevernet**

Dei siste åra har det kome fram i media at barnevernet har fleire utfordringar. Ikkje minst at media har fått ei slik påverknadskraft på oss allmenne menneske. Nokon av barnevernssakene som blir presentert i media er ofte dei mest dramatiske overgrepshistoriane, dei er spekulative og usaklege (Killèn 2004). Og gjere til at me lesarar får berre ei side av saka. Det er sjeldan me opplev gode historier om barnevernet gjennom media. Men dei fins, det finn ein ut ved å lese om undersøkingar som er blitt gjort på feltet. Eg seier ikkje at media viser eit feilaktig bilde av barnevernet, men ikkje eit heilskapeleg bilete av barnevernet. Eg har ut i frå arbeidet med denne oppgåva funne fram nokon av bitane som mangla for å få den fulle forståinga av korleis barnevernsarbeidet fungerer her i Noreg. Killèn(2004) skriv at me er inne i ein

erkjenning- og fagleg utviklingsprosess når det gjeld omsorgssvikt. Det ser me gjennom auke av etter- og vidareutdanningstilbod på feltet. Eit større tverrfagleg samarbeid mellom skule, psykiatri og helsestasjon viser at me er på veg til å sjå realiteten av omfanget av omsorgssvikt på fleire plan (Killèn 2004). Men det er framleis ein lang veg å gå. I avsnittet under skal eg sjå nærmare på relasjonane internt i barnevernet og på viktige prinsipp som blir brukt i barnevernsarbeidet. For å belyse dei utfordringane har eg brukt tidsskrifta Norges Barnevern(nr.2 2010) der dei har tatt med ein studie frå Fafo og eit innlegg som Vigdis Bunkholdt holdt for Statens Helsetilsyn.

## **5.1 "Det nye barnevernsbyråkratiet"- studie frå Fafo**

Heidi Gautun, seniorforsker ved Fafo har gjennomført denne studien. Det er ein kvalitativ intervjuundersøking frå 2009 der 19 informantar frå ulike stillingar i barnevernet blir spurt om deira oppleving av utfordringane i barnevernet. Resultata av studien var så oppsiktsvekkande og treffande for mi oppgåve og vil bli oppsummert i avsnitta under. Studien avgrensa undersøkinga si til to relasjonar, den fyrste er relasjonen mellom Bufetat og kommunen, den andre er relasjonen mellom Bufetat, kommunen og fylkesnemnda.

### **5.1.1 Forhold mellom Bufetat og kommunen**

I intervjuet kom det fram fleire forhold som skaper problem og utfordringar i dette samarbeidet. Det eine var at det er uklare ansvarsforhold. Informantane frå den kommunale barnevernstenesta følte at deira konklusjonar vart overprøvd. Det blei gjort ei evaluering som konkluderte med at det var behov for ein forventings- og rolleavklaring. I samband med dette gav Barne- og likestillingsdepartementet eit svar på denne kritikken med eit rundskriv, Betalingsrundskrivet 06/07<sup>1</sup>. Alle informantane frå kommunen var misnøgde med dette skrivet, fordi dei meinte at dette var skrevet på statens sine premisser og gjorde til økte økonomiske utgifter for kommunane. Inntrykket forskaren hadde frå intervjuet var at staten opprettheld ein trend om å involvera seg i kommunens ansvarsområde, og så trekke eventuelt stønaden tilbake. Eksempel på dette er stønaden og satsinga på heimebaserte tiltak med statleg støtte

---

<sup>1</sup> [http://www.regjeringen.no/upload/BLD/Rundskriv/2007/Rundskriv\\_Q\\_06\\_2007.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/BLD/Rundskriv/2007/Rundskriv_Q_06_2007.pdf)



i 2004 og 2005 som blei trekt tilbake. Hjelpa som kommunane får blir organisert ulikt, og det setter spørsmål til statens ustabile rolle der det blir gitt støtte til nokon kommunar og ikkje alle, forskjellen stig blant kommunane.

### **Manglande kommunal kapasitet**

Alle dei 19 informantane som blei intervjuja ga uttrykk for at dei er bekymra for resurssituasjonen i kommunen. Dei meiner det er for få ansatte, for lita tid, for få resursar og ikkje tilstrekkeleg kompetanse. På grunn av denne manglande kapasiteten medvirke dette til uklare ansvarsforhold med staten, som igjen føre til anspent forhold mellom kommunen og fagteama.

### **Eit mangelfullt og for lite differensiert tiltaksapparat i Bufetat**

Det kjem fram av intervjuja i studien at Bufetat har for få institusjonar og fosterheimar. Kommunane er avhengig av Bufetat for å få løyst sine saker og føler seg såleis makteslause når ikkje dei kan skaffa eigne tilbod. Dette er og med på å gjera samarbeidet mellom kommunane og Bufetat enda meir anspent. Den eine informanten frå kommunen sa at når dei fekk dårlege tilbod frå Bufetat så oppstår det konflikt.

### **Byråkratisering internt i Bufetat**

Utviklinga internt i Bufetat ser også ut til å ha påverknad på korleis samarbeidet er mellom kommunen og staten. Fleirtalet av informantane i studien fortalte at dei opplev at Bufetat utviklar seg i aukande grad til å bli ein byråkratisk, uoversiktleg og ressurskrevjande organisasjon. Dei meiner at det gjer at Bufetat blir ineffektiv og kvaliteten i samarbeidet mellom instansane blir dårlegare. Ressursane blir brukt feil ved å heller drifte byråkratisk organisasjon framfor tenesta som dei skal tilby. Ein av fagteam-informantane i studien siterte følgjande; "*Organisasjonen er så stor og med så mange ledd oppover. Det tar lang tid, jeg er redd for økende byråkratisering. Hvor er de som utfører tjenestene?*" Eit anna sitat frå kommune-informanten var; "*De største utfordringene er møtet mellom den lokale barnevernstjenesten, som jobber direkte med barn, og det byråkratiske systemet Bufetat. Det blir en kamp mot systemet som er mer opptatt av kroner og øre, enn å ha fokus på barn og fag.*" Andre

meningar frå kommunen i studien var at det statlege barnevernet omorganiserer seg ofte, og det var eit uoversiktleg system for alle.

### **5.1.2 Forholdet mellom Bufetat, kommunen og fylkesnemnda**

Statleggjeringen i 2004 har skapt fleire eller nye utfordringar. Ut frå studien til Fafo kan det sjå ut som at utfordringane ligg i eit manglande tiltaksapparat hos Bufetat. Og gir ein slags dominoeffekt for dei to andre. Kommunane og fylkesnemnda er avhengig av at Bufetat kan tilby gode og rette plassar for sakene som blir vedtatt. I studien gav dei to fylkesnemnd informantane uttrykk for at dei følte seg tvinga til å vedta plasseringar i institusjon kor utfallet burde vore anleis. Det blir sagt at Bufetat som godkjenner, kontrollerar og kvalitetsikrar institusjonar på regionsnivå sit for langt unna brukarane og opplev ikkje kva behova verkeleg er. Byråkratiseringen i Bufetat har ført til at fagteam informantane føler at dei har fått mindre myndigheit og føler frustrasjon over å ha blitt fråteken fullmakten til å velgja tiltak. Eg ynskjer å gjennta dei sitata som Fafo har lagt ved i sin kommentar av studien, dette frå fylkesnemndledar- informanten;

*"Vi opplever at institusjoner ikke blir beskrevet av Bufetat... Vi har lite med Bufetat å gjøre. De er vanskelig å få tak i.... Vi er i stuss på hva som ligger bak godkjenning av institusjoner. Det er vel økonomi... Opprinnelig hadde fylkeskommunen ansvar for institusjonene, da gikk det greit. Nå blir det for langt borte, for stor avstand..."*

Det positive som kom fram i denne studien var at det kommunale barnevernet og fylkesnemnda samarbeidar godt. Kommunane for oftast medhald i dei fleste sakene som blir lagt fram for nemnda. Informantane i studien kom med eit ynskje om eit felles løft i barnevernet. Fleire tilsette i barnevernstenesta, utvikling av kompetanse og hopp i lønnsnivået. Ein av informantane meinte at ein burde satse meir på kommunane, sånn at gapet mellom stat og kommune ikkje blei så stort. Ein anna informant var kritisk til å ha ein todeling mellom kommune og stat. Avbyråkratisering av Bufetat og opprustning av tiltaksapparatet er tiltak som informantane kom med. Informantane meinte at det må bli større fokus på dialog mellom nivåa. Økonomi kom fram som ein viktig utfordring i denne studien. Det er òg ein stor etterspurnad etter eit

nøytralt klageorgan for å få avklart ueinigheitane som kommunane og Bufetat har. Til slutt kom det fram av studien at informantane etterlyser dei andre kommunale etatane om å ta ansvar som dei også er pålagte gjennom loven. Informantane gir uttrykk for at satsinga av førebyggjande arbeidet til barna har gått for breidt ut, og for lite konkret på dei barna som har store problem.

## **5.2 "Barnas beste" og "det biologiske prinsipp"**

Vigdis Bunkholdt uttalte i sitt innlegg til Statens Helsetilsyn ein rekke utfordringar som ho meinte skulle bli tatt omsyn til i tilsynet av barnevernet. Ein del av dei blei framstilt av Fafo si undersøking i avsnitta over. Dei andre utfordringane handla om dei omgrepa og prinsippa som me brukar aktivt i handsaming av barnevernssakar. Barnas beste og det biologiske prinsipp er to av omgrepa Bunkholdt ynskjer at Helsetilsynet skal vera meir kritiske til. I innlegget viser ho til ein diffus avklaring om kva som er til barnas beste, og er barnas beste i tråd med det biologiske prinsipp? Ho stiller og spørsmål til kvifor ein då ofte får ulik konklusjonar på tvers av etatane og/eller partane når alle har brukt prinsippet om barnas beste. Bunkholdt syns det er ein stor svakheit at det overordna barnevernet ikkje drøftar og er meir kritisk til kva status slike prinsipp skal ha i det faglege arbeidet. Ho ynskjer også å lyse opp at haldninga rundt prinsippa barnas beste og det biologiske prinsipp er blitt så sterkt knytt saman at praksisen til barnevernet blir retta meir mot ideologi enn fag. Det har vist seg at biologisk tilhørsle har forskjellig betyding for forskjellige menneske. Bunkholdt gir igjen ynskje om at Tilsynet jamleg spør direktorat og etat om dei suter for diskusjon om barnevernets grunnleggjande premissar. Alternativ til desse to omgrepa blir og nemnt. Kva om FNs barnekonvensjon hadde blitt utgangspunktet for å vurdere barnevernets fagarbeid? Ein kunne da fått vurdert barnevernet på to nivåer; om rammene har kvalitet og innhald som ligge til rette for barnevernsarbeidet slik at den enkelte arbeidaren bidrar til å oppfylle rettighetane til barna.

### **5.2.1 Barnevernet, byråkrati og markedsøkonomi:**

Ein anna ting Bunkholdt nemner i innlegget sitt er den byråkratiske og markedsøkonomiske situasjonen i barnevernet. Det er allmennkunnskap at velferdstenestene me har i landet kostar- også barnevernstenestene. Men skal

barnevernet legge så mykje vekt på det økonomiske at brukarane får hjelp som ikkje stemmer overeins med problema deira? Bunkholdt syns det er urovekkande at barnevernet har fått inn ord som spotpris, stykkpris, konkurranse – kva vil dette gjere med forholdet barnevernet har til barn og foreldre? Dette meiner ho skaper store etiske problem. I mine år i sosionomutdanning har eg lært at det å skape tillit til brukaren er det grunnleggande for å kunne hjelpe brukaren med sine problem. Vil det å tenke økonomi skape tillit til familie og unge?

### **5.2.2 Bruk av metode eller skreddarsydd oppfølging**

Bunkholdt hadde kommentarar til metodeutviklingen i barnevernet. Barnevernet har blitt introdusert for ein rekke metodar som er for så vitt gode metoder, PMTO, MST og Webster Stratton. Men passar det for alle, gløymer ikkje barnevernet at det er begrensningar i desse metodane? Ein del familiar treng meir skreddarsydd oppfølging enn det desse metodane kan tilby. Kan slike metodar faktisk skade tilliten mellom sosialarbeideren og brukaren? Bunkholdt henviste til boka Sammen om barnevern av Follesø der ein av ungdommane Follesø hadde intervjuet sa følgjande om slike metodar; *“det var så mye de måtte prøve enda de måtte forstå at det ikke nyttet”*. Bunkholdt si påstand er at iveren for å bruke evidensbaserte metodar er styrt av ein for tett kobling mellom “barnas beste” og det biologiske prinsipp Å vera fastlåst til ein bestemt metode i alle saker kan gjere at ein som saksbehandlar overser mange løysingar som kunne vore bedre og meir effektiv for brukaren enn sjølve metoden. Dette kan vere med på forlenge barnet sin tid i omsorgsvikt, framfor å løyse problema. Eit resultat av dette kjem fram i rapporten “Et liv jeg ikke valgte” av Olsen m fl 2009. Dette er ein rapport gjort på fire fylker i Noreg som viser til unge uføre, under 25 år, har økt med 71% dei siste sju åra. Metodane er nok ikkje aleine ansvarleg for dette resultatet, men ein av faktoraene. Rapporten viser vertfall til at dårlege oppvekstvilkår og omsorgsvikt i ung alder har skapt fleire uføre i ung alder. Forskarane i rapporten meiner at løysinga på å minke unge uføre ligg i tidleg samarbeid mellom hjelpeapparatet til barna i risikozonen. Rapporten skriv at skule, helsetenesta, PP-tenesta, lærere og barnevern snakkar ikkje saman. Bunkholdt ber om at Tilsynet må høyre etter behovet for ein meir samordna innsats.

### **5.2.3 Nedbygging av institusjonar og beredskapsheimar**

I sitt innlegg til Statens Helsetilsyn er Bunkholdt kritisk til BUFetat og BUFdir sine planar for 2010-2015. Der står det at det skal arbeidast for direkte plassering i fosterheim framfor beredskapsheimar. Og at barn under 12 skal direkte i fosterheim framfor institusjon, til slutt skriv dei at dei skal ha sterkt fokus på å unngå utilsikta flyttingar av barna. Bunkholdt meiner at dei to fyrste tiltaka vil forsterka utilsikta flyttingen av barn. Når ein vurderer å flytte eit barn frå heimen sin har tilknytingsproblemet til barnet vokse seg store. Det å skape relasjon med barnet er vanskeleg, men i aller største grad nødvendig i utviklinga og i endringsprosessen med barnet. Bunkholdt meiner at om fosterheimsplasseringa skal kunne dekke dette relasjonbehovet kreve det at barnet utviklar ein gjensidig relasjon og tillit til fosterforeldra. Problema er ofte at relasjonsskada barn ofte tyr til forskjellige forsvarmekanismer som for eksempel adferdsproblem og utsett sine nye omsorgspersonar for ein slik belastning som fører til at dei ikkje taklar oppgåva og gir opp. Ergo utilsikta flytting er igjen eit faktum og nok ei påminning for barnet på sin mistillit til vaksne. Eksempelet på akkurat dette er hovudsaken i oppgåva mi Jonas.

### **5.3 " *Barn ruser seg under barnevernets ansvar* "**

Framsida til Bergens Tidene den 4.mars 2011 hadde følgjande å meddele; "Gutt dyrket hasj hos barnevernet." Dette oppslaget og artikkelen tok opp det eg har frykta og mistenkt har skjedd hos nokre barnevernsinstitusjonar. Eg har høyrte rykter om barnevernsansatte som røyker hasj ilag med sine innsette, og at bruk av rusmiddel har ofte oppstått når barn og unge har vore under barnevernet sitt ansvar. Nokre av dei unge kriminelle eg har fått prata med har sjølv også sagt at dei lærte å bruke hasj og amfetamin etter at dei vart tatt hånd om barnevernet. Dette er alvorleg og urovekkande. I artikkelen som Bergens Tidene trykte den 4.mars i år kjem det fram at på grunn av at guten gøymte hasjplantene i skapet har barnevernsinnsette ikkje kunne oppdaga det. Mor til guten fortel at hasj-lukta hadde spreidd seg til heile leilegheita og skjønner ikkje kvifor dei ikkje passar betre på. Institusjonen forklarar at dei ikkje har lov til å sjekke skap og personlege eigendelar utan at det er grunn til

mistanke, og sida guten bortforklarte hasj-lukta med lukta av ein urein katt var det ingen grunn til vidare undersøking.

Det er fleire fakta ved denne saken eg saknar. Den eine er korleis kan forskriftene vera tillaga slik at ein ikkje kan ha internkontroll på eige initiativ. Eller at det let seg gjere å ha strengare kontroll og rutinar rundt ungdom som slit med rusproblem. Den andre er kor mykje erfaring har barnevernsansatte med narkotika, lukta av hasj- og lukta av kattepiss er ganske forskjellig. Kor godt skikka er barnevernsansatte til å jobbe med ungdom som sliter med rusproblem? Eg set spørsmål til det faglege arbeidet som blir gjort direkte mot brukaren. Det verkar for meg at kven som helst kan jobbe med slike ungdommar. Det at barnevernsarbeidarane er så autonome i sitt arbeid direkte med ungdommen er i denne samanhengen uheldig om ikkje katastrofalt. Ein dyrkar meir problem enn ein løyser. Og eg etterlyser derfor meir konkret kunnskap om rus og rusmisbruk blant barnevernsinnsette.

#### **5.4 Bufetat og Bufdir handsaming av barnevernssituasjonen**

Bufdir fekk gjort ei brukarundersøking av barn på institusjon i perioden juni 2010 til februar i år<sup>2</sup>. Undersøkinga er den fyrste brukarundersøkinga som er blitt gjort om barnevernsbarn på institusjon, og er såleis historisk- som Bufetat skriv sjølv på sine heimesider (bufetat.no). Resultata frå undersøkinga som blei gjort av Rambøll Management Consulting har gitt viktig informasjon for det vidare arbeidet med å betre situasjonen for barnevernsbarna. Undersøkinga gav ein svarprosent på 38% som kanskje er ein for låg prosent til å kunne veta eksakt kva forhold institusjonane og fosterheimane gir brukarane sine. Når det er sagt, kom det fram resultat som bør vera med vidare i utgreiing av endringar i barnevernet. Svært mange av barna skreiv at dei var tilfreds med den hjelpen og forholda dei hadde. Samtidig skriver Rambøll at undersøkinga gir indikator på kva som ikkje fungerer så bra;

*“Imidlertid gir resultatene indikasjonar på hva som ikke fungerer godt, og som det bør settes inn tiltak for å bedre. Et av disse områdene er at ikke alle barn og unge i målgruppen får dekket elementære behov som trygghet og det å ha et tillitsforhold*

---

<sup>2</sup> <http://www.bufetat.no/nyheter/Alle-skal-fole-seg-trygge/> = pdf.fil av Rambøll si undersøking

*til nære voksne, enten det er ansatte i institusjoner eller fosterforeldre. Det er både urovekkende og alvorlig”(Rambøll, 2011:16).*

Vidare kjem det fram i samandraget av undersøkinga at det kommunale barnevernet er for lite synlig og tilgjengelege for barn under omsorg av det statlege barnevernet, og at få veit kven som er tilsynsføraren i deira sak (Rambøll, 2011:16). Svara som dei forskjellige barna kom med gav ingen indikasjon på at det er betre nokon plassar enn andre. Og Rambøll konkludere med at det må arbeidast meir med å utvikla kvalitet i tilbodet til brukarane (2011:16). Til slutt viser han til rapporten “Kvalitet i barnevernsinstitusjonar” som eit arbeidsutval i Bufdir har nyleg lagt ut<sup>3</sup>.

Desse ferske nyhenda på bufetat sine sider viser at det statlege barnevernet jobbar med å utarbeide radikale endringar med dagens barnevern for å løyse utfordringane som er blitt belyst av brukarane sine, og kollegaer i 1. og 2.linje i organisasjonen.

## **6. Avslutning**

I denne oppgåva skulle eg finne ut kva utfordringar barnevernet møter i sitt arbeid med å førebygge kriminell ungdom. Resultatet viste seg å vera fleire og meir kompleks enn eg fyrst trudde. Gjennom dei forskjellige offentlege rapportane og undersøkingane eg fant om det aktuelle temaet, viste deg seg at utfordringane internt i barnevernet er mange. Samarbeidet mellom nivåa i organisasjonen er ustabile og ulike. Bufetat kom ut som ein syndar i denne oppgåva. Det kommunale barnevernet er ikkje fornøyd med Bufetat sitt ansvarsområdet, som er å skaffe institusjonsplassar og fosterheimar. Dei som vedtar sakane sit for langt unna brukarane til å kunne gi dei rett behandling. Forholdet mellom stat og kommune viste seg også å vera utfordrande. Staten si ustabile rolle har skapt mykje uro hos barnevernet på kommunal plan. Det kan verka som at etatane internt i barnevernet ikkje stolar på kvarandre. Betre kommunikasjon og dialog kjem som ein viktig faktor for forbetring. Ein kan konkludera med at eit felles løft på alle plan i barnevernet er naudsynt for at organisasjonen skal holde tritt med behovet barna og barnefamiliane har der ute.

---

<sup>3</sup> <http://www.bufetat.no/nyheter/Kortversjon-av-rapport-om-kvalitet-i-barnevernsinstitusjoner/> = pdf-fil av rapporten frå bufdir

Samfunnet me lever i har store krav til effektivitet og har liten tolmodigheit. Dette er ei stor utfordring for barnevernet. Å endre ein organisasjon som barnevernet krev store ressursar og vil ta lang tid før ein merkar til endringane. Når det er snakk om barna våre blir det da ekstra sårt når dei ikkje får den hjelpen dei treng til rett tid, og eg kan forstå fortvilninga som media framstille. Samtidig forstår eg fortvilninga til barnevernsarbeidarane. Dei står mellom barna og eit budsjett, og blir i nokon tilfelle tvunga til å vedta tiltak som ikkje alltid er til det beste for barnet.

Barnevernsarbeiderane har og ei utfordring knytt til ungdommens rett til privatliv og avgjersle i institusjon. Grensa mellom kva som er etisk rett og ikkje minst kva som er lovleg å påtvinga barnet er diffus. Fleire utfordringar som barnevernet har internt er deira markedsøkonomiske fokus. Den har vist seg å skape dårligare tillit til brukarane og kollegaer som alltid må velje det billigaste alternativet. Det skapar ikkje kvalitet i den behandlinga barnet treng. Tid er altså blitt ei utfordring for barnevernet, det kjem tydeleg fram at jo tidligare hjelpeapparatet får satt i gang tiltak til barnet, dess mindre risiko er det for å utvikle åtferdsvanskar. Slik vil staten kanskje kunne spare dei pengane som har blitt brukt på kriminelle ungdommar som for eksempel Jonas.

Barnas beste og det biologiske prinsipp har og fått eit kritisk blick på seg. Desse prinsippa har barnevernet brukt i vurderingane av tiltak. Det blir sett spørsmål til kor gunstige desse prinsippa er, og om det kan vera ei løysing å sjå på andre alternative mål å forholde seg til, som for eksempel FN- barnekonvensjon. I sosionom-utdanninga lærer me å heile tida reflektera over situasjonar og arbeidsmetodar med brukaren. Dette er ei utfordring for barnevernet og det kommunale hjelpeapparatet elles. Ingen barn og familie er like, og dei krev ofte skreddarsydde behandlingsmetodar. Eg trur at det er viktig å vera open for andre måtar å løyse problem på.

Familiestrukturen har og endre seg mykje dei siste 50åra. Dette kan og ha innverknad på barna sine oppvekstvilkår hevdar utviklingspsykologar. Barnet brukar mykje energi på å tilpasse seg vaksenverda. Dette krev eit større samarbeid med dei organa som jobbar med barna dei fyrste leve åra. Barnehagar og skular må ta del i



ansvaret med å oppdra og utvikle barna sine sosiale eigenskapar. Samtidig har eg og du også eit ansvar. Det ansvaret går på å setja grenser for barna. Det ansvaret går på å bry oss meir. Bry oss så mykje at me tørr å tenke det verste i nokon samanhengar. Me må vera auga til barnevernet, det er vi som kan sjå dei barna som ikkje blitt sett. Omsorgssvikt er alle sitt ansvar skriv Kari Killèn. Det trur eg alle må erkjenne. På denne måten har media klart å få i gang prosessen og debatten at noko må endrast. Men media kunne og blitt flinkare til å støtte opp under yrkesgruppene som blir belasta i denne prosessen. Barnevernet treng å få ein ny start, der det blir bygd gjensidig tillit mellom partane. Det krev handling frå barnevernet, og ei holdningsendring hos oss allmenne folk.

Debatten og diskusjonen om barnevernet i media og i dei statlege organa har føregått side om side med min skriveprosess. Og oppgåva mi avsluttar med ein rapport frå Bufdir som viser at dei jobbar med å utreda utfordringane i barnevernet. Og viser at dei har planar om store endringar i organisasjonen. Vonar at det blir eit stort felles løft på alle plan og organ i hjelpeapparatet til barna, og at ein ser av endringane som blir vedtatt at barn kan ikkje setjast opp mot kroner. Barna er tross alt framtida vår, kven vil ikkje investera i ei god framtid?

## **Kildeliste:**

### **Bøker:**

Dalland, O.(2007) *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Gyldendal

Djupvik, A.R. Eikås,M. (2010) *Organisert velferd: organisasjonskunnskap for helse og sosialarbeidarar*.Samlaget

Helland, H. Øia,T. (2006) *Forebyggende ungdomsarbeid*. Fagbokforlaget

Killèn,K.(2004) *Sveket: Omsorgssvikt er alles ansvar*. Kommuneforlaget  
Wiborg,L.H (2010) *Mellom barn og budsjett: Hvordan forstå barnevernsledelse*.  
Kommuneforlaget

### **Tidsskrifter:**

Bunkholdt,V.(2010) Statens Helsetilsyn- Et kritisk blikk til "barnas beste". s,110-124 I:  
Tidsskriftet Norges Barnevern.

Gautun,H.(2009) Det nye barnevernbyråkratiet, En studie av samarbeid mellom  
kommune og stat innen barnevernet. s,90-100 I: Tidsskriftet Norges Barnevern

### **Offentlige publikasjoner**

Barne-,Likestilling-og Inkluderingsdepartementet NOU 2000:12 "Barnevernet i Norge"

Barne-,ungdoms-og familiedirektoratets arbeidsgrupp (2010) Kortversjon av  
rapporten: Kvalitet i barnevernsinstitusjoner.

Rambøll Management Consulting (2010/2011) Brukarundersøkelse blant barn i  
statlige og private barneverntiltak

### **Aviser:**

Bergens Tidene den 26.juni side 4-7 " gutten som ble dømt til å tape"

Bergens Tidene den 27.juni side 4-7 (forsettelse frå 26.juni)

Bergens Tidene den 28.juni side 8-10 for

Bergens Tidene den 29.juni 2010 side 4-5

Bergens Tidene den 4.mars 2011 side 6-7. "Gutt dyrket Hasj hos barnevernet"

### **Internettider:**

Regjeringen.no

Helsetilsynet.no

Bufetat.no

